

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13

Styremøte 03.03.2024, kl 16.00-18.00 Scandic Flesland Airport Hotel

Deltakarar: Marta Sofie Vange, Anita H. Riskedal, Gerd Helen Bø, Roald Aga Haug, Ingvald Torblå, Kristoffer Amdal, Marthe Hammer
Administrasjon: Trude Rinaldo, Hanne Sundbø
Gjest: Roy Egil Stadheim, vara.

Sak 08/24 Godkjenning av referat, samt innkalling og sakliste
Referat og innkalling er godkjent.

Sak 09/24 Årsmøte 2024. Førebuingar
Administrasjonen orienterte om status i førebuingane til årsmøtet, og endring i årsmelding og årsrekneskap. Årsmøtet kjem tidleg, og det har ikkje vore mogleg å få revisorstadfesting i tide.
Det er førebudd rekneark for handtering av avstemmingar i samsvar med nye vedtekter.
Årsmøtet vert elles planlagt gjennomført etter vanleg plan og i samsvar med utsendt agenda og gjeldande vedtekter.

Vedtak:

Retta årsrekneskap og retta Årsmelding (eitt tekstpunkt + taldel), vert godkjent med eit overskot.
Ettersending skal gjerast av årsmelding og årsrekneskap etter årsmøtet til alle medlemmer pr epost saman med revisorberetning.

Sak 10/24 Årskonferansen 4.3.2024
Statusgjennomgang v/ Hanne

- Program
- Praktisk opplegg
- Påmeldingar
- Tematikk og oppfølgingsspørsmål frå innleiar til innlegg og debattdel
- Gåve til ideell organisasjon + Toralv

Hanne orienterte om programmet og mindre endringar for årskonferansen.

Påmeldinga er noko større enn i 2023, mange viktige beslutningstakarar er påmelde.

Vedtak:

Ideell organisasjon som får pengegåve i staden for innleiarane: Leger utan grenser.

Sak 11/24 NTP 2025 - 2036

- Forventa framdrift og signal
Truleg framlegging av NTP fredag 22. mars

- Vidare prosess, høyring, t.o.m. Stortingsbehandling i juni. Forslag: Aksjon/tiltak saman med NRG må takast opp.
- Høyringa i Transportkomiteen: Styret arbeider for at Fjordvegen Rv 13 får plass med innlegg.
- Det blir jobba med å få avtale med Stortingsbenkane frå Vestlandet
- Utspel frå andre, konferansar m.v.
Mobiliseringskonferanse 9.4. på Flesland i regi av Bergen Næringsråd er under planlegging. Hanne deltek, føreset akseptable rammer og rom for å presentera behovet for rassikring
- Oppfølging av presse, både styre og administrasjon

Sak 12/24 Arendalsuka 2024 (12. - 16.8.) – samarbeide med Nasjonal Rassikringsgruppe i samferdselsteltet (OFV)

Vedtak:

- Styreleiar deltek som Fjordvegen sin representant i møtet og debatten i regi av Nasjonal Rassikringsgruppe.
- Styret ber administrasjonen om å arbeide for at rassikring vert deltema på den store samferdselsdebatten på Arendalsuka.
Andre tiltak saman med NRS skal drøftast.

Sak 13/24 Styretur hausten 2024 – val av veke/periode sept/okt

Det er styret sin tur med mål om å bli kjent med utfordringane langs heile rv13 og med medlemma.

Det vert føreset at både Nye Veier og Statens vegvesen sine folk deltek på respektive strekk.

Behov: Stor buss trengs, Roy Egil Stadheim seier seg villig til å køyra

Vedtak:

Tidspunkt for styretur: måndag 21. – onsdag 23.10.24.

Budsjett og programforslag må setjast opp til neste styremøte, med opplegg etter malen frå 2016.

Sak 14/24 Innmeldte saker/Ymse

- Nye medlemmer er Sognarådet IPR og Vik Ørsta AS
- Myrkdalen fjellandsby er inkludert i Norway's Best AS som no har medlemskapen som konsern, og med det auka kontingent

Vedtak:

Neste styremøte digitalt: onsdag 3. april kl 10-12.

Flesland 03.03.2024

Hanne Sundbø
referent.